



Prosjektrapport for sonderingsfasen

Aurland kommunestyre vedtok 12.02.2015, sak 006/15 opplegg for arbeidet fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur. Arbeidet skal organiserast i fleire faser: Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen og gjennomføringsfasen. Kommunestyret vedtok også prosjektplan og opplegg for den første fasen; Sonderingsfasen, i same møte 12.02.2015, sak 007/15. Prosjektrapporten viser gjennomførte tiltak og vurderer i kva grad effektmål og suksesskriteriar for Sonderingsfasen er oppnådd.

Fylgjande mål vart fastsett:

Mål

1. Avgjera kva alternativ det er aktuelt å ta vidare inn i ein utgreiingsfase
2. Avgrense til maksimalt tre alternativ etter ein overordna gjennomgang
3. Utarbeide mandat for utgreiingsfasen

Alternativ

1. Felles utgreiing for kommunane i Sogn, i regi av Sogn Regionråd
2. Felles utgreiing for kommunane Voss, Vik, Aurland, Vaksdal, Ulvik og Granvin
3. Felles utgreiing for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland
4. Aurland kommune som no

Effektmål

1. Vurdera alternativa opp i mot ekspertutvalet sine kriterar for framtidig kommunestruktur
2. Fange opp relevante haldningar, kjensler og realistiske moglegheiter
3. Sikre mest effektiv ressursbruk
4. Tilrå vegen vidare
5. Tilrå korleis arbeidet skal organiserast i utgreiingsfasen

Prosessmål

1. Sikre at innbyggjarar og avgjerdstakarar kjenner seg trygge på at relevante omsyn blir teke med før ein tek avgjerd om kva for alternativ som ein går vidare med
2. Sikre felles kunnskapsgrunnlag
3. Sikre god dialog i prosessane fram mot avgjerd
4. Tidleg få innspel på haldningar, kjensler, oppfatningar hjå innbyggjarane og andre relevante interessentar
5. Sikre naudsynt forankring hjå relevante interessentar

Aktivitetar

1. Sondere med kommunane i regionråd, ÅLA og Voss region.
2. Gjennomføre grendamøter på Aurlandsvangen, Flåm og Gudvangen
3. Alternativa skal vera grunnlag for SWOT analyse på folkevalddag.

4. SWOT dannar grunnlag for eit status notat for situasjonen i Aurland i dag.
5. Felles sonderingar og eventuell saksutgreiing for dei alternativa som er utvald til å gå vidare med
6. Definerer målsetnad for ny kommune

Nedanfor blir det presentert status for kva for tiltak som er gjennomført, før ei vurdering av korvidt me har nådd effektmåla og uttrykte suksesskriterier.

Kva	Kven	Status
<p>Vedtak om oppdrag for sonderingsfasen.</p> <p>Med bakgrunn i vedtak vert lag og organisasjonar, eldreråd, ungdomsråd, fagforeiningar, ulike instansar etc invitert til å kome med innspel til oppstart av arbeidet med kommunestrukturarbeidet</p> <p>Gjennomføre grendamøter</p>	<p>Kommunestyret</p> <p>Rådmann</p> <p>Ordfører Rådmann Styringsgruppa</p>	<p>Gjennomført</p> <p>Fagforeininigar vart inviterte til å kome med innspel. Tillitsvalde har bidrege i felles rapport om samanslåing for Sogn. Det vart elles vald å prioriterere informasjon gjennom heimeside og Aurlendingen.</p> <p>5 grendamøter vart gjennomført.</p>
<p>Møter med aktuelle kommunar</p> <p>SWOT analyse på folkevalddag</p> <p>Samanstilling av resultat frå SWOT analyse, vert lagt fram for styringsgruppa</p>	<p>Ordfører Rådmann Styringsgruppa</p> <p>Kommunestyret, utvala</p> <p>Rådmann</p>	<p>Felles formannskapsmøter med Voss/Vik og Sogn Regionråd gjennomført.</p> <p>Innbyggjarundersøking gjennomført.</p> <p>Det vart ikkje gjennomført SWOT, jf drøfting i styringsgruppe. Drøfting i kommunestyret gjennomført.</p> <p>Utgreiing av konsekvensar av samanslåing av region Sogn og Voss/Vik gjennomført av Telemarksforsking.</p>
<p>Utarbeide framlegg til avgjerd</p> <p>Utarbeide framlegg til opplegg for utgreiingsfasen, Fase 2</p> <p>Avgjerd og oppdrag for utgreiingsfasen</p>	<p>Rådmann Ordfører</p> <p>Rådmann</p> <p>Kommunestyret</p>	<p>Opplegg for vidare framdrift var oppe til drøfting i kommunestyret 26 november.</p> <p>Gjennomført.</p> <p>Telemarksforsking er engasjert til å utarbeide rapport om konsekvensar av å halde fram åleina.</p> <p>KS 17.12.2015</p>

Kommunikasjonsplan

Innhald	Tid	Korleis	Kven	Status
Informere om vedteken prosess	Februar	Heimesida, brev til lag og organsiasjonar, råd, foreiningar etc.	Rådmann	Gjennomført
		Media	Ordførar	Gjennomført
Invitere til folkemøter	Februar	Brev til høyringspartane, media, heimesida	Rådmann Ordførar	Gjennomført
Informera vidare om avgjerd og oppdrag via meida, heimesida, til høyringsinstansar	Mars		Ordførar Rådmann	Gjennomført Pressemelding om resultat av innbyggjarundersøking.

Konklusjon:

Det har i sonderingsfasen vore vurdert fleire alternativ som bør jobbast vidare med. Dei to felles rapportane for region Sogn og Voss/Vik gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid. Kommunen har fått gjennomført fem grendamøter og innbyggjarundersøking. Sonderingsfasen har danna eit godt grunnlag for å gå vidare til neste fase(utgreiingsfasen), som omhandlar arbeid med intensjonsavtalar med eit eller fleire alternativ og utgreiing av konsekvensane av å halde fram åleine.

Jan Olav Åsarmoen Møller
rådgjevar